## Søk hjelp på nett

**Alternativ til Vold (ATV)**
www.atv-stiftelsen.no

**Ressurssenter for menn**
www.reform.no

**Norsk krisesenterforbund**
www.norskkrisesenterforbund.no

**Krisesentersekretariatet**
www.krisesenter.com

**Ung.no**
www.ung.no

**Juridisk Rådgiving for kvinner**
www.jurk.no

**Landsdekkende telefon for Incest- og seksuelt misbrukte**
www.incest80057000.no

**Rosa - For kvinner utsatt for menneskehandel**
www.rosa-help.no

**Mira - Ressurssenter for flyktning og innvandrerkvinner**
www.mirasenteret.no

**Seif - Selvhjelp for innvandrere og flykninger**
www.seif.no

**Alarmtelefonen for born og unge**
www.116111.no

## Vi gir hjelp, men du kan og kontakte:

Familievernkontoret: 466 17 390
Lokal legevakt og din fastlege.
Lokalt barnevern.
Lokal helsestasjon.
Lokalt Nav-kontor.

**Har du behov for akutt hjelp, ring:**

Medisinsk nødhjelp: 113
Politi: 112

## Interkommunalt

**Dei to krisesentra er tilbod for de som er busett på Sunnmøre – men vi hjelper alle!**
Disse kommunene er med: Ålesund, Sula, Giske, Norddal, Stranda, Hareid, Herøy, Sykkylven, Sande, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Ørsta, Vanylven, Volda og Ulstein.

**Krisesenter for Sunnmøre**

**KVINNER 70 16 33 33**
**MENN 90 70 74 33**

krisesenter-kvinner@alesund.kommune.no
krisesenter-menn@alesund.kommune.no

*www.krisesenter-sunnmore.no*



# Krisesenter for Sunnmøre

Vi er eit gratis døgnope tilbod for born, kvinner og menn som er eller har vore utsett for vald.

**KVINNER 70 16 33 33**
**MENN 90 70 74 33**

Exposed to violence?
Call us for help

Jesteś narażony na przemoc?
Zadzwoń do nas

Você está exposto à violência? Nos chamam

Expuestos a la violencia?
Llámenos para obtener ayuda

คุณมีแนวโน้มที่จะรุนแรง?
โทรหาเราเพื่อขอความช่วยเหลือ

Exposés à la violence?
Appelez-nous pour aider les

عرضة للعنف؟
الاتصال بنا للحصول على مساعدة

## Treng du nokon å snakke med?

- Er eller har du vore utsett for vald eller mishandling frå dine næraste?
- Har du vanskar med å avgjere for deg sjølv kva som skjer?
- Er du redd nokon i din familie eller nære omgangskrins?
- Har du vore trua med vold?
- Har du vore hindra i å treffe vener og familie?
- Er du utsett for sjalusi, isolasjon og kontroll?
- Har du vore audmjuka?
- Er du tryggare i andre samanhengar enn heime?
- Får du skylda for valden som vert utført?

DU tek direkte kontakt med oss, og treng ikkje tilvisning eller timeavtale.



**Du er ikkje aleine!**
**Ta kontakt med oss**

## Ulike typar vald

**Fysisk vald** kan vere å halde, dytte, riste, slå eller sparke. Det kan også vere bruk av ulike våpen. I verste fall kan vald føre til tap av liv.

**Psykisk vold** er direkte eller indirekte truslar, degraderande og audmjukande åtferd, kontroll og isolering.

**Latent vald** er ein form for psykisk vald. I denne fasen går den valdsutsette på nåler, ho/han er på vakt og ventar på valden.

**Utagerande sjalusi** er sjalusi som er skremmande og krenkande, eller som vert nytta for å styre eller kontrollere andre.

**Materiell vald** er valden som skjer når ting vert øydelagt i sinne for å skremme eller kontrollere deg.

**Økonomisk vald** er når du vert fråteken kontroll over eigen økonomi, og ikkje får tilgang til dine pengar.

**Seksuell vold** er at du vert tvungen til seksuelle handlingar mot din vilje. Incest og voldtekt er ekstreme former for seksuell vald.

**Tvangsekteskap** er når du vert nekta retten til å avgjere kven du vil gifte deg med, og vert tvungen til ekteskap.

**Menneskehandel** er sexhandel med kvinner, menn og born.

## Vi på krisesenteret kan hjelpe deg å bryte ut av valden!

**Dagtilbod** der du kan kome til oss for samtalar, der du kan få råd og rettleiing, støtte og omsorg.

**Døgntilbod** der vi kan tilby deg overnatting for ei kortare periode, aleine eller saman med born.

## På eit krisesenter kan kvinner og menn, med eller utan born få:

- Vern
- Samtalar
- Råd og rettleiing
- Støtte og omsorg
- Kontakt med naudsynt hjelpeapparat

